



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 29.10.2018
Tid: 09:00 – 09:45

Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Espen Harketstad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Silvia Haugland	MEDL	Uavhengig
-----------------	------	-----------

Varamedlemer som møtte:

Inger Helene Dalen	for Silvia Haugland	TVØ
--------------------	---------------------	-----

Andre:

Møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun
underskrifter

Marianne Sandahl Bjorøy

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 59/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 60/18	Tilsetjing av rådmann for Nye Øygarden kommune

PS 59/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 29.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (15.10.18) vart godkjente utan merknader.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 29.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

PS 60/18 Tilsetjing av rådmann for Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 29.10.2018:

Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, informerte om prosessen med tilsetjing av prosjektrådmann som blir permanent rådmann frå 1.1.2020, for Nye Øygarden kommune. Fellesnemnda sette ned eit tilsetjingsutval – dei tre ordførarane, eit ekstra medlem frå fellesnemnda, tre tillitsvalde frå kvar kommune – for å rekruttere rådmann i Nye Øygarden kommune. Etter søknadsfrist medio september var det kome inn tolv søkjarar, fire kandidatar var unnateke offentlegheita. Sju sterke kandidatar vart kalla inn til eit 1.gongsintervju. Sett opp mot andre tilsvarende rekrutteringsprosessar, var utvalet godt nøgd med søkjartilfanget. Fem kandidatar, der tre var unnateke offentlegheita, vart invitert inn til 2.gongsintervju. Alle fem kandidatar kunne fungert som rådmann i Nye Øygarden. Etter 2.gongs intervju stod det mellom to kandidatar – éin intern og éin som var unnateke offentlegheita. Desse to kandidatane vart vekta opp mot kvarandre.

Tilsetjingsutvalet var samrøystes i si tilråding;

Rune Lid får tilbod om stilling som prosjektrådmann / rådmann i Nye Øygarden kommune.

Alle fire søkjarar som var unnateke offentlegheita har trekt sine søknader etter at tilsetjingsutvalet si tilråding vart kjent.

Fellesnemnda slutta opp om arbeidet i tilsetjingsutvalet, og kom med innspel som kan takast med vidare i forhandlingar. Tilrådinga frå tilsetjingsutvalet vart **samrøystes** vedteken i fellesnemnda.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 29.10.2018:

Rune Lid vert tilsett som prosjektrådmann / rådmann i Nye Øygarden kommune.